

Kuutstilling og kalvemønstring

Jærmessa på Varhaug søndag 27. august

NB! Opnar opp for raude besetningar, BRSV/BCoV

Etter grundig vurdering har komitêen kome til at også raude besetningar kan delta på kuutstillinga i år. Kumiljøet og stemninga rundt er viktig for sjølv næringa, og for andre besøkande. Derfor vil komitêen helst sleppa å avlysa. Å dra i gang utstillinga påny etter avlysing ser me som vanskeleg.

Både raude og grønne besetningar kan delta, men dei grønne vil automatisk få raud status etter utstillinga.

Komiteen ynskjer å dekkja kostnadane til analyse av blodprøvar for desse besetningane, for å få tilbake grøn status.

Me ynskjer å invitera alle bønder til kuutstilling og kalvemønstring.

Det vert kudømming i ulike rasar, kåring av Miss Jæren og Gullkua 2017, ungdoms- og kalvemønstring.

I år vil alt vera på same dagen, søndag 27. august (kan henda me må bruka lordagen viss det kjem mykje dyr)



Påmelding innan 11. august til Tone Aardal, tlf: 99243116 eller e-post: tone.aardal@tine.no

Med venleg helsing utstillingskomitêen!

Retningslinjer:

- Kyra må ha seminokse eller stambokført gardsokse som far, og vera innmeldt i kukontrollen.
- Dyra bør vera klypte og reine
- Dyra skal vera tamme og vera vane med å gå i grime, lurt å starta tidleg.
- Me vil oppmoda folk til å kle seg fint.
- På kalvemønstringa er det viktig at storleiken mellom mønstrar og dyr står i stil



Kriteriar for å vera med i Gullku-klassen:

- Minimum 3 kalvingar (avslutta 3. laktasjon)
- Minimum EKM 7000 kg
- Kandidatane må ha oppfylt reglane i kukontrollen

Me kan hjelpa til med å få dyra fram til ringen, og/eller hjelpa til med å mønstre dyra.

Under utstillinga vert det teke bilete av barn og unge som mønstrar, og desse vil kunna verta brukte i ulike samanhengar. Dei som vil reservera seg mot dette, må gje beskjed ved påmelding.

Digital Dermatitt

For at det skal vera trygt å koma med dyr, så ynskjer me i komiteen å ha høg fokus på god klauvhelse.

Som eit ledd i dette, så må alle deltakande besetningar ha gjennomført klauvhogging(vera registrert i kukontrollen) på alle kyrne etter 1. februar 2017. Besetningar der det er påvist Digital Dermatitt kan dessverre ikkje stille dyr i år. Dersom kalvane er oppstalla i anna hus/hytter, kan dei koma på utstilling. Eigenerklæring må fyllast ut ved ankomst, før kalven vert teken inn i teltet.

I tillegg ynskje me veterinærattest av alle **KYR** som kjem, utført av veterinær. Helst bør dyra kunna sjekkast i ein klauvboks. Sjekking av DD må stå tydeleg på attesten, utført i løpet av siste 14 dagane.

LINK:

Regelverk kuutstilling:

1. premie: 8,0 for kropp og bein og 4,0 for jur
2. premie: 7,0 for kropp og bein og 3,0 for jur
3. premie: 6,0 for kropp og bein og 2,5 for jur

I kvar rase er det 2 klassar, ein for 1. kalvarar og ein for eldre

GULLKUA

Reglar:


Minimum 3 fullførte laktasjonar

Minimum 7000 kg EKM, snitt av alle fullførte laktasjonar

Minimum 3 celletalsmålingar pr laktasjon

Poeng – gjeving:

- **Høgaste gj.snittleg EKM 100 – 90 – 80**
- **Geometrisk middel celletal av alle laktasjonar**
200 – 180 – 160
- **Lågast mogleg kalvingsinterval 200 – 180 – 160**
- **Antal levande fødte kalvar, 50 poeng pr kalv**
- **Eksteriør: Kropp og bein – jur 100 – 90 – 80. Dømt tidlegare på dagen**



Reglar ungdomsklasse og kalvemønstring:

- Ungdomsklassen, opptil 25 år, dyra må vera over 6 mnd gamle.
- Kalvemønstringa er inndelt i 3 klassar, 4-7 år, 8-11 år og 12-15 år
- Kalvane må vera mellom 1-6 mnd gamle.